

## Nordsida

Nordsida er området frå Bratten til Festvåg. Dette er nærområdet til Bodø og det har alt frå korte, enkle sig til lange, delvis kompliserte is- og miksruter.

### Bratten

Bratten ligger ca 3 km ut av sentrum. Her finnes 3 fosser hvorav 2 er klatret. Alle fossene vil variere mye i løpet av sesongen, dette da tilgangen på vann er noe begrenset ned fra Bratten-høyden. Videre ligger fossene solvendt og forsvinner fort når mars sola kommer.

**Tilkomst:** Kjør ut av byen i retning Kjer-ringøy. Etter Rønvikleira begynner veien å stige bratt, fossene ligger da til venstre for veien i de tilsynelatne løse hammerne. Parker i boligområdet. Du bruker max 10 min til innsteget.

#### 1. Brage..... 2

50 m/60°(85°) (Ingjerd Helen Karlsen & Torgeir Kjus -94)

Fossen er 50 m, varierende bratthet og vari-

erende iskvalitet. Innsteget er det bratteste (3 m 85°), men kan omgås - og det må gjøres når isen ikke når helt ned. Så følger 60° is avbrutt av enkelte korte bratte partier (2-4 m) og enkelte hyller. Det er mulig å sikre i busker og fjell. Den flotteste isen er på de siste 20-25 meterne. Artig foss med fin utsikt mot byen. Rappell fra trær på toppen.

#### 2. Bifrost..... 2

60 m/60°(85°) (Andre Ulriksen & Torgeir Kjus 13/2-95)

Fossen er 60 m, varierende bratthet og svært tynn i starten. De første 5 m kan by på 85° is, men må ofte omgås til høyre. Så følger et parti 70° is mot en flate før et 80° istapp-slør. Stand ved busk til høyre for sløret. Nå begynner den virkelig flotte isen. Et bratt opptak før jevn 60°-70° is til topps. Rappell nesten helt ned - de siste meterne kan lett klatres ned til høyre for innsteget.

#### 3. Prosjekt.....

## Løpsmarka

(Utan skisse).

Rett over tettstedet Løpsmarka på høgre side av vegen, finns eit markert flåg (Daglia). Flåget kjem tilsyne alt på veg ned frå Bratten. I gode issesongar dannas det ein forholdsvis stor isformasjon der den høgre delen er den kraftigaste.

### Løpsmarkfossen .....3



75m/70°-85°. (Knut Aspheim, Helena Winter, Ingjerd Karlsen & Torgeir Kjus des 96.).

Fossen gjev 40 flotte meter jamn 80 graders is før det legg seg på slutten. Ofte tynt innsteg.



Ved mørkekltring: Varsle politivakta på førehand:  
75546075



Eskil Sørvik nesten oppe Løpsmarkfossen. Foto Sveinung Råheim.

**Tilkomst:** Følg RV 834 ut av Bodø ca 6 km. Ta av inn til Løpsmarka, og følg "Nonshaugen" (hovedvegen gjennom boligfeltet på Løpsmark) gjennom boligfelt opp til snuplass for buss rett under fossen. Parker her og gå rett opp lia. Anmarsj ca 20 - 30 min.

**Retur:** til venstre for fossen retning Løp. Ta ned til venstre etter ca 100 m.

## Løp


Løp ligg ca 7 km frå Bodø. Her finns ei rekke fossar og sig på alle nivå. Det var på Løp at isklatinga byrja i Bodø. Gode moglegheiter for topptauing når isen vart for bratt førte til rask progresjon for Kjell, Jan Christian, Erik og co. Mykje er klatra i løpet av åra, men moglegheiter for nye linjer er der framleis. Staden eignar seg fint for eftas-/kveldsturer då både anmarsj og retur er svært enkel. Fossane er nordvendte og dette gjev lang sesong. Det er som regel is her frå desember til april. Det er jamt tilsig av vatn her vinteren gjennom, så isen blir stadig fornya. Fossane kan verke noko puslute frå vegen, men synet bedreg, her er det både loddrette søyler og fritthengande tappar!



**Tilkomst:** Etter Bratten passerer du Skivika og Løpsmarka. Vegen held fram rundt ein skarp høgresving og eit nytt landskaprom opnar seg. Flåga og stupa på høgre side av vegen er som regel dekt med is. Parker ned mot stranda eller langs vegen til hytteområdet under fossane. Anmarsjane varierer frå 10-30 minutt.

Det er skildra mange linjer her og i ein god sesong kan nokre av dei "flyte" saman. Generelt er det ofte slake "issva" i starten av alle fossar, før det reiser seg til bratt is i siste del. Gradering her er vanskeleg, då vanskelegheitane ofte er av kort lengde. Men det blir bratt.

Sveinung Råheim i aprilsol på Nidhogg, Løp. Foto Remi Bendiksen



Dei tre neste fossane ligg samla i eit flåg ganske langt ned mot venstre på Løp. Dei er vist på bildet på neste side

### 3. Sleipner ..... ca 2

ca 60m/45-80°

Jan Christian Andersen et al 1980-tallet.

Isen ligg til høgre for Løpselva. Fyrste del er ikkje brattare enn ca 40-50 grader før isen reiser seg opp ein brattare vegg siste 20 meterane.

Fullt muleg å få vanskelegare klatring ved opp-søkande klatring i toppen.

Retur: Gå 30 meter til venstre, følg første naturlige drag ned brattlia. Dette er enklaste retur for samtlege fossar på denne sida av Løpselva.

### 4. Smal Hans ..... ca 3

ca 50 m/50-85°

Ukjente.

Isen er forholdsvis smal. Ligg 15-20 meter til høgre for Sleipner. Går like til venstre for stort overheng, toppar ut i kanten av dette. Fyrst 20-30 meter 50-80° før han reiser seg siste 10 meter (80-85°).

Retur: Som for Sleipner, eventuelt rappell ned fossen.

### 5. Atlantis ..... 5-6

ca 40 m/50-90°

Remi Bendiksen og Sveinung Råheim 14/4-1998.

Fossen ligg om lag 10 meter til høgre for Smal Hans. Søyla har vorte danna ein gong siste tre sesongane i klatrebar form. Klatre først opp 15 meter 50-80 grader is til du står under overheng der fleire istappar heng ned. Er du heldig når ein av dei heilt ned. Klatre søyla opp, frittstående i vel 10 meter. Totalt 25 meter til du er oppe. Retur: Rappell frå tre over fossen eller som for Sleipner.

### 6. Miksklatring ..... Miks 3-5

ca 20 m, 70-110°. I berget rett til høgre for Atlantis er det topttau 2-3 mikslinjer, men dei er aldri leda. Enkelt å klatre opp den enkle isen til høgre for å feste topttau.

Fossane "Hugin" og "Munin" ligg rett bak garden på Løp til venstre for Løpselva (Skisse over).

**NB!** Meld frå til politiet ved klatring i mørket, gjennom åra har politiet fleire gonger rykka ut pga meldingar frå folk på Løp.

### 1. Hugin ..... 1-2

50 m/50°(70°) (ukjente 80-talet)  
(Skisse til venstre)

Isen ligg til venstre for Løpselva. Fossen er vanligvis 50 meter lang, men kan i enkelte sesongar bli 80 meter (45° mix av snø og is). Stort sett lett, 40 - 50 grader med liten hammar mot slutten. Sesongstart?!

Rappell ned til venstre for fossen.

### 2. Munin ..... 1-2

70 m/50°(60°) (ukjente 80-talet)  
(Skisse til venstre)

Strekk seg vanlegvis lengre ned i lia enn "Hugin" - endå kortare anmarsj (sjå opp for galloperande kjøttberg på anmarsjen!).

«Hugin» og «Munin» er lett tilgjengelege og egnar seg fint for kurs m.m. Parker på garden (spør!!) eller ved hyttefeltet til høgre.



Dei fem neste fossane ligg alle rundt "issvaet" under Storblåna. Anmarsjen tek ca 10 min meir enn til dei tre fyrste. Dei er vist på bildet på side 18

### 7. Namnlaus ..... ca 3

ca 50 m/40-80°

Kjenner ikkje til detaljer om fossen. Ligg heilt i venstre kant av issvaet. Siste 20 meter er dei brattaste.

Retur: Følg i god avstand frå flågkanten nedover mot venstre til du kan gå ned same stad som på Sleipner.

### 8. Valhall ..... ca 4

35 m/80-85°

Jan Christian Andersen et al 1980-tallet.

Dette er sannsynlegvis fossen som er kalla "Valhall" i Bodøfjoraren. Imponerande festningsverk av istapper der to søyler heng saman og gjer det mogeleg å klatre denne flotte linja. Dersom ein følgjer hovedlinja byr fossen på bratt, vedvarande klatring heile vegen – men eg har ikkje klatra han og kjenner ikkje fleire detaljar.

Retur: Sjå nr 3, Sleipner.

### 9. Siste økta ..... ca 4

40 m/80-85°

Jan Christian Andersen et al 1980-tallet.

Denne fossen ligg i "øvre venstre hjørne" på "issvaet". Kan klatrast både på høgre og venstre sida av "hjørnet". Vil på begge plassar gje bratt klatring (85°) i om lag 20 meter før det legg seg mot toppen.


Retur: Følg i god avstand frå flågkanten nedover mot venstre til du kan gå ned same stad som Sleipner.

### 10. Frøy ..... ca 3

40 m/70-85°

Jan Christian Andersen et al 1980-tallet.

Dette er fossen som ligg mellom Siste Økta og Storblåna. Innsteiget er på toppen av issvaet ca 25- 30 meter til venstre for Storblåna. Kan delast i to: Venstre del følgjer er høgrelenande rampe under eit overheng. ca 60-70 grader heile vegen. Høgre del går rett opp med enkelte korte parti 80-85 grader is. Retur som for dei andre fossane – følg kanten mot venstre til du kan gå ned bortafor Sleipner.



### 11. Storblåna ..... ca 3

70-80m/60-80°

Jan Christian Andersen et al 1980-tallet.

Ligg heilt i høgje kant av issvaet. Den breiaste, mest markerte fossen på Løp. Kun korte opptak med litt bratt is. Retur som for dei andre fossane – følg kanten mot venstre til du kan gå ned bortafor Sleipner.

### 12. Bladbrekk ..... ca 3

ca 100 m/50-80°

Jan Christian Andersen et al 1980-tallet.

Ligg til høgje for Storblåna. Innsteget ligg til høgje for "issvaet" i botn av ein renneformasjon like til venstre for ei rampe som stikk ut. Første taulengde er slak opp renna, isen kan vere tynn. Stand på hylla under "hovedisen". Andre taulengde ca 50 meter, før siste taulengde tek deg ut av isen, her kan det vere miksforhold. Retur som for dei andre fossane – følg kanten mot venstre til du kan gå ned bortafor Sleipner. Det er også mulig å gå til høgje, halde høgda eit stykke bortover under Keiservarden og så gå ned renna til høgje for det bratte flåget.

### 13. Nidhogg ..... 4

ca 110 meter/70-90°

Jan Christian Andersen et al 1980-tallet.

Denne isen ligg heilt i venstre kant av det bratte, høge stupet på Løp. Det er einaste

isen som formar seg nokonlunde kvart år på denne delen. Innsteg på høgje side av "ryggen" som skil denne fossen frå innsteget på Bladbrekk. Stand på same hylle som Bladbrekk. Andre taulengde gjev fleire 85-90° opptak. Slakare i land. Utsteg kan vere skummelt ved mykje snø.

Retur som for dei andre fossane – følg kanten mot venstre til du kan gå ned bortafor Sleipner. Det er også mulig å gå til høgje, halde høgda eit stykke bortover under Keiservarden og så gå ned renna til høgje for det bratte flåget.


### 14. Fossekalen ..... 4

Ca 110 m. 60 - 85°.


Om lag som Nidhogg, men brattare og iblant tynnare. Først 30-40 m isdekt sva, så 20-30 m bratte opptak, så 50 m med gradvis slakkare is i land.

### 15. Prosjekt!! ..... ?

Her kan Jeff Lowe m.fl. prøve seg. Fyrst is opp bratt vegg, før ein må "dry-toole" gjennom svært takoverheng, før ein kjem ut på fritthengande istappar ovanfrå.



Trond Helander under førstebestigning av Fossekalen januar 2002. Uvanleg mykje is denne sesongen



## Golfbanen / Innergjurdalen

Rett bak golfbanen på Nordsida er det nokre lett tilgjengelege, enkle isparti. Det midterste er mest markert og det einaste vi kjenner til at er klatra på. Enkelt å feste topptau i tre på toppen.

Tilkomst: Køyr ca 11 km frå Bodø. Enklaste parkering er sannsynlegvis på avkøyring ca 100 m etter svingane ved Geitvågen (rett før Golfbanen). Fossane er lett synlege tre-fire hundre meter frå parkeringa.

1. Ukjent namn..... 1-2

Ca 40 m, 50-70°. Ukjent om han er klatra.

2. Innergjurfossen..... 1-2

Ca 30-35 m. 60-85°.

Ca 60 m breidt isfelt med varierende brattheit. Fint for både ledetrening og topptauing av litt brattare is.

3. Ukjent namn..... 1

ca 20 m, 50-60°.

Kort, enkel is til høgre for Innergjurfossen. Ukjent om han er klatra.



Ved mørkekltring: Varsle politivakta på førehand:  
75546075



## Myklebostad - Bertnesskaret

Myklebostad ligg ca 11 km fra Bodø. Isen er lite klatra noko både anmarsj (30-40 min på føtene, 20 min på ski) og skredfare i dei bratte flankane må ta skulda for. Går ein fyrst inn hit vil ein finne nybegynnervennleg, fin is. Det er uvisst kor mykje som er klatra her.

**Tilkomst:** Køyr rv 834 ca 11 km frå Bodø. Parker ved servicehuset til den nye golfbanen. Følg kanten av Golfbanen, deretter kraftgate / traktorveg innover.

**Retur:** Rennene i området er bratte og samlar mykje snø. Ver trygg på snøforholda før du følgjer rennene. Rappell frå isen og skogsretur er tryggast.

1. Blåflåget..... 3

70 m/65°(80°) (20/12-87 Kjell Eugen Andersen & Torgeir Kjus)

Ca 70 meter lang. Stort sett 60-70° bratt med eit brattare parti midtvegs (80°) som er 5-6 m langt.

2. Søndagstur..... 1

60 m, 50-70°. Kjell Eugen Andersen & Sveinung Råheim 2007. Lett opp isdekt sva.

3. Ukjent namn..... 1

70-80 m, 50-70°. Ukjent fossen er klatra. Lett kltring.

4. Aeroflot..... 2

50 m + 10 m utsteg. 70-80°. Sigurd Gjertsen & Reidar Gregersen 2006. Fin kltring. Usteget kan vere skummelt ved usikre snøforhold.

5. Nære på!..... 2

45 m + 25 m utsteg på snø/mose. 70-85°. Kjell Eugen Andersen & Sveinung Råheim 2007. Fin kltring med mulige bratte hamre undervegs. Også dette utsteget kan vere skummelt ved usikre snøforhold.



## Bjørndalsfossene

Dette isområdet ligg ca 13 km fra Bodø og er eit flott syn frå vegen. Store istappformasjonar fangar blikket straks du forlet Myklebostad og byrjar på sletta mot Skjelstad. Isen ligg eit stykke ut til høgre (ca kl 1) i eit lite dalføre (Bjørndalen). Istappane heng som tenner i et breidt trollsmil. Sjølv om det meste ser bratt ut, er det og ein del ruter av meir moderat karakter. Området har is både for middelshavsfararar og ekspertar, men lite for nybyrjarar. Det er og litt is på motsett side av dalen (Bjørnekjeften).

**Tilkomst:** Finn deg ei egna avkøyring langs vegen. På venstre side av vegen ca 200-300 m før skiltet «Skjelstad» er ein mogelegheit. Herfra følgjer du naturleg lende inn til fossane. Tid til innsteget varierer med snødjude, men eit stalltips er 30-40 min.

### 1. Berserkergang ..... 3

65 m/65°(85°) (Knut Aspheim, Ingjerd Helen Karlsen & Torgeir Kjus 26/2-95)

Ruta er ca 65 meter lang. Dei fyrste 40 m er jamn 65-70° is med to korte 80° partier. Så følgjer ca 10 m 60-70° is og ein avsluttande issøyle 5 m 85° før du kan ro det heile i land og ta stand ved trea 10 m over søyla. Flott is og artige formasjonar. Issøyla på slutten gjev luft under hælane. Retur til venstre for foss.

### 2. Brudsløret ..... 4

80 m/80°(90°)  
(Torgeir Kjus & Vidar Madsen 24/2-95)

Ei iaugefallande rute 80 meter lang og med eit karakteriserande namn. Ruta går opp den høgre issøyla. Denne søyla er faktisk 20 m lang og gjev krevjande 80-90° is. Stand på snøhylla. Hylla er stor og du kan gå usikra bort til starten på dei siste 50 m av ruta. Klatringa opp her byr på 10 m 80° is, 25 m 60-70° og så eit krevjande 90° utsteg på 5 m før du kan velte deg i land og lirke deg opp ein snøbakke 10 m til eit solid tre. Det kan vere noko tynn is i utsteget, så set inn gode skruar medan du endå har is å skru i. Spektakulære omgjevnader heile vegen. Du klatrar på eit brudslør!  
Retur til høgre langs rygg og ned skogkledd skråning.

### 3. Brudsløret direkte. 5

70 m/80-95° (Sveinung Råheim & Remi Bendiksen 17.3.2002)  
Første taulengde felles med Brudsløret. Klatre så rett opp midterste av tre istapper/søylar i toppen. Bratt, delvis fritthengende istapper i ca 20 meter.

### 4. Gjallarbrua ..... 3-

65 m/65°(85°) (Torgeir Kjus & Ingjerd Helen Karlsen 25/2-95)  
Ruta ligg ca 100 meter til høgre for Brudsløret. Det er vanskeleg å sjå ruta godt frå vegen, men fossen er lett synleg når du er oppe i dalen. Ca 65 meter artig klatring. De første 7 meter er 80-85°, så 30 meter jamn 65° is til stand ved markert søyle. Følg markert isrygg tilhøgre for søyla ut frå stand, før avslutninga med eit kort 80° opptak. Snøbakkeavslutning med stand i tre.


### 5. Ekstremisten ..... 4-5

25 m/85-90°  
Mats Peder Mosti og Sveinung Råheim 28.02.1999.

Istaden for å klatre ut Gjallarbrua etter fyrste stand, klatre rett opp søyla. Tungt og bratt. Retur ved å rappellere ned fossen! Namnet er inspirert av Torgeir Kjus. I Bodøforaren skreiv han at "de ekstreme kan jo støte opp den tydelige issøyla ved første standplass"



Ingjerd H. Karlsen under førstebestigninga av Berserkergang i Bjørndalen. Foto: Knut Aspheim.



### Bjørnekjeften

Bjørnekjeften ligg vis av vis Bjørndalsfossen. Isen ligg delvis gøymt frå vegen, men kjem til syne straks ein byrjar på den bratte lia opp mot Bjørndalsfossane. Iallemfall ei av linjene her er klatra.

**1. Vindfull fritid..... 3**

50 m/75-85°  
Eskil Sørvik og Sveinung Råheim 25.02.1999.  
Fyrste 5 metrane kan ofte vere nokså tynnen.  
Elles artig klatring. Dersom det er mykje istappar på høgre sida av fossen og dei rette værforholda er på plass (vind) vil det være uttrygt å klatre her. Dette gjeld særleg Prosjekt 2".  
Retur: Rappell ned fossen.

**2. Prosjekt.....?**

70 m 60-70° isrampe som går på skrå frå høgde. Fyldig is under spennande istapper (for spennande?).



### Skjelstad (høgre)

Det feltet du kjem til etter Bjørndalsfossane er kalla «Skjelstad høgre» - ca 14 km frå Bodø. Fossane er tydelege frå vegen og anmarsjen er kort. Isen er 50-70 meter høg og er relativt bratt og krevjande. Isen er vestvendt, og sola vil ta godt her frå starten av mars. Mørk farge på fjellet er også med på å framskunde ismeltinga. Nokre av dei bratte "gardinene" vil innimellom sleppe i toppen, særleg på slutten av sesongen.

**Tilkomst:** Parker på stor avkøyring på venstre side av rv 834 ved eit brunt hus og fleire postkasser. Du står då med bilen rett under fossane. Anmarsjen tek ca 20 min.

**1. Årvak ..... 2**

70 m/60°(75°) (B.P.Arntzen & T.Kjus 5/2-95)  
Stort sett 60° is med kortare parti med is opp mot 75°. Fin is og god utsikt. Retur ned langs tre på venstre side av fossen.

**2. Rimfakse..... 3**

40 m is og 10 - 15 m snøbakke til topps (Vidar Madsen & Torgeir Kjus 7/3/95).  
Ei flott, blå linje. Spesielle formasjonar; kamin-

klating med is på eine sida og fjell på andre. Rappell ned fossen eller frå eit av trea på toppen av vegen til venstre.

**3. Han Tykje ..... 4**

60 m/75-85°(Ukjente 80-talet)  
Varierende linjeføring avhengig av isforholda, men som regel bratte opptak både i starten og midtvegs. Retur som for Rimfakse.

**4. Han Søkke ..... 4**

65 m/75-85°  
(Kjell Andersen, Jan Christian Andersen m.fl. tidleg 80-tal)  
Fossen ligg eksponert og flott til. Korte parti med 85° is, stort sett litt slakare, men jamn bratteheit. Lett is, snø og mose i utsteg. Nedste del av fossen er ofte tynn og ikkje alltid mogeleg å sikre i. Slå til når forholda er der!!  
Retur: Som for Rimfakse eller rappell ned fossen. Anbefalar å rappellere av etter 55 m, då er det kun eit uinteressert utsteg att.

**5. Han Salte ..... 3**

ca 65 - 70 m, 70-85°  
Sveinung Råheim & Remi Bendiksen 9.2.2002.  
Meir uryddig og opptaksprega enn Han Søkke. Ofte lite is, men kan ha fine linjer.

## Skjelstadfossane

Ca 15 km frå Bodø kjem du til den kanskje mest imponerende av alle fossane på Nordsia. Sjølve «Skjelstadfossen» er klatra av fleire taulag gjennom åra, men det kan gå lang tid mellom kvar gong. Fossen har stor vassføring året gjennom. Saman med mykje vind på staden gjev dette lite ro i fryseprosessen. Vidare er fjellet bak fossen til dels overhengande, slik at i mildversperioder dett ofte delar av isen ned.

Det er fleire andre fossar i området. Alle er sannsynlegvis klatra av Jan Chr, Kjell, Nikolai og eller Erik ein gong på 80-talet. Det er i tillegg store moglegheit for tynn



Klatring på Førjulsmorro, Skjelstad, på 80-talet.  
Foto Jan Christian Andersen.

is-/ miks-klatring i området.

**Tilkomst;** Parker ved busshaldeplassen i 60 km/t-sonen, rett etter fjøset på høgre side av vegen. Under fossane er det eit tett plantefelt. Det løner seg å gå rundt dette på høgre eller venstre side og krysse tilbake inn mot fossane.

### 1. Skjelstadsprekkjå.....3

45 meter/80° Sveinung Råheim & Ingjerd Helen Karlsen feb. 1998.

Anmarsj som for Skjelstadfossen. Klyv opp dei bratte flåga/mosebakkane til venstre for hovedfossen. Klatre opp iskaminen. Retur ned same veg frå tre på toppen. Utsteg kan vere bratt med tynn is og mose /lyng. Artig foss!

### 2. Ukjent namn .....4

70 m/60-85° (Ottar Skog & Roar Eikeland tidleg på 80-tallet)  
Bratt hammer midtvegs som kan vere tynn enkelte gonger. Elles kurant is. Snø / mose i utsteget. Rappell ned fossen enklast, elles ned nr 1.

### 3. Bonusfossen .....4

80 m/60-85° (ukjente)  
Linja ligg litt inneklemt mellom Skjelstadfossen og nr 2. Fyrste 15 meter vil oftast vere tynne, men ikkje så bratt, bortsett frå eit opptak etter ca 10 m. Muleg fjellsikringsutstyr kan gjere nytte her. Elles flott isklarting med nokre bratte opptak.



Ved mørkeklatring: Varsle politivakta på førehand:  
75546075



### 4. Skjelstadfossen .....4-5

100 m/80-90° (Kjell Eugen Andersen & Jan Christian Andersen 1982. Fleire var med på 1. bestigning). Skjelstadfossen blir lokalt kalla Fallselva

La deg ikkje lure, fossen er brattare enn han ser ut til. Fossen kan og bør klatrast via ulike varinantar avhengig av isforholda - som ofte er uryddige og dårlege. Fossen er 20 - 30 meter brei, og er oftast mest uryddig og bratt i midtpartiet. Han er klatra både på høgre og venstre side.

**Venstre side:** Vatnet her kjem frå eigen bekk på toppen. Fyrste 40 meter er bratte med tildels vanskeleg is. Likevel den sida der det oftast er forhold.

**Midten:** Bratt is, stor vassføring og ustabile forhold. Sikker grad 5. Dett ned fleire gonger kvar vinter.

**Høgre side:** Lurer seg forbi ein del av dei brattaste partia på midten. Har som regel is, men som for dei andre alternativa er det ofte uryddig is. Retur ned foss eller rappell ned Skjelstadsprekkjå.

### 5. Førjulsmorro.....4

100 m/70-90° Kjell Eugen Andersen & Jan Christian Andersen m. fl. 1982.

Ruta er avbilda bakpå BOT si årbok for 1982/83.

Fossen startar 15 m til høgre for Skjelstadfossen. To bratte opptak deriblant ei søyle / gardin på ca 5 m midtvegs. Utsteg opp ei av dei bratte søylene eller ut til venstre under overheng og opp bratt snøbakke. Retur ned foss eller ned Skjelstadsprekkjå.

### 6. Prosjekt/Ukjent namn .....?

Sannsynlegvis klatra på 80-talet. Fleire bratte parti, utsteget ser og bratt ut.

### 7. Lysglimt.....4

90 m/60-85°. Sannsynlegvis klatra på 80-talet. Følgjer ei isrampe ca 60 m til ei hylle. Fleire moglege avslutningar opp bratt topphammar. Litt mose / miksoptak i toppen.

### 8. Prosjekt/Ukjent namn ? .....

ca 100 m lang. Går opp renneformasjon ca 50 m til høgre for Lysglimt. Tilsynelatande smal isrenne med fleire bratte opptak. Truleg miksrute.



## Skjelstad (venstre)

Dette feltet ligg altså rett til venstre for sjølve Skjelstadfossen - omlag 400 meter. Her ligg det to fossar.

**Tilkomst:** Køyr forbi Skjelstadfossen, ca 500m. Parker ved busslomme på høgre side i 60.sone. Gå rett opp lia mot to fossar. Anmarsj ca 30 min.

### 1. Solrød himmel ..... 3

130 m/65°(85°)

Tore Bjørnsund og Knut Asheim 6/1-96.

Stort sett 50 - 70 grader, kortare opptak med brattare is.

Retur ned fossen eller ned lia til venstre for fossen.



Ved mørkeklating: Varsle politivakta på førehand:  
75546075


### 2. Ragnarokk ..... 2

110 m/65°(75°)

(Vidar Madsen, Ingjerd Helen Karlsen, Tore Bjørnsund & Jorid Ferner 12/2-95)

Ca 100 m jamn 60-70° is med nokre brattare opptak. Fin, lett klatring.

Rappellretur til høgre (ned Skjelstadsprekkjå, ca 200 m) eller enklast til venstre ned bratt li (sjå bilde)



## Kløkstad / Munarvollen

Munarvollen / Kløkstad ligg ca 16 - 18 km frå Bodø. Skissa over viser eit område på omlag 2 km frå foss nr 1 til 6. Kløkstadfossen (nr 1) er den brattaste av desse fossane. Dei andre, "Munarvollfossane", er svært variable i brattheit. Dei er rimeleg issikre, men såpass slake at dei snøgar fort ned. På ein snørik vinter vil ein kun sjå is i dagen i dei brattaste hamrane. Når det er snø vil også mange av utstega være rasutsette. Sjølv om dei ikkje er så bratte, er dei såpass issikre at dei blir klatra ein del tidleg i sesongen og på snø- og isfattige vintrar.

### 1. Kløkstadfossen..... 3

70 - 80 m/70-75°(ukjente)

Fossen ligg på eit vis klemt mellom to fjellhamrar ca 1 km nordaust for Munarvollfossane. Innsteg og utsteg kan vere rasutsett ved ustabile snøforhold. Fordel å gå inn til isen langs venstre eller høgre kant av fjellhamrane på sidene av fossen - ikkje direkte opp snøflanka. Bør gå ut til venstre rett etter utsteget eller rappelere av frå toppen av isen. **Tilkomst:** Parker ved busslomme på høgre eller venstre side av vegen ca 2.5 km etter Skjelstadfossen. Følg naturleg terreng inn mot fossen. Ca 40 min. Retur ned same veg eller til høgre for fossen.

### 2. Ukjente namn .....?

Desse fossane ligg i inni "gryta" til høgre for Kløkstadfossen. Lite info, men det er 2-3 islinjer inni her. Lengde 50 - 100 m, brattheit frå 50 - 90 grader.

### 3. Munarvollfossane.....?

Består av 2 - 3 islinjer frå 50 - 80°, ca 50 meter lange. Dette er sannsynlegvis fossane omtala i Bodøførare som "Munarvollfossane". Uvisst om dei er klatra. Retur ned til venstre langs skogkledd rygg.

### 4. Ukjent namn.....?

50-100 m, 50 - 80°.

Ingen info om denne. Guffent utsteg ved ved mykje snø. Retur som for Munarvollfossane. Fin utsikt!

### 5. Ukjent namn.....?

50-100 m, 50 - 80°.

Ingen info. Guffent utsteg også på denne. Retur som for Munarvollfossane. Fin utsikt!

### 6. PostFestum..... 1-2

ca 150 m, 40 - 80° (ukjente).

Går i høgre sida av det markerte flåget opp for Munarvollen. Lett, lang tur. Som for mange av dei andre fossane her er han definitivt best når det ikkje er snø i isen. Retur som for Munarvollfossane eller ned til høgre mot Skjelstad.



## Skaufossene

Ca fire km etter Skjelstad kjem du til Skau. Her ligg ei rekke mindre fossar bak boligfeltet på høgre hand. Dei fleste er relativt "ubetydelege", men nokre av dei er definitivt verd turen. Skissa viser dei mest markerte fossane. Klatringa her vil vere best når det er lite snø: anmarsjen blir enkel og iskvaliteten betre på dei slake partia. Det er særleg Skautrollet og iblant Vesletrollet kan gje fin isklarting og dette er dei einaste som vi kjenner til er klatra.

**Tilkomst:** Parker ved busslomma på venstre side av vegen der 50-sona startar. Følg vegen inn i mellom husa. Ta av traktorveg (låst med bom) etter omlag 200 meter. Følg denne til du er under fossane. Snill anmarsj, ca 15 - 20 minutt.

**Retur:** Rappell ned fossane er enklast. Elles kan ein gå opp og til venstre når ein kjem opp. Følg ned naturleg lei nokre 100 m bortfor fossane.

1. Kraniet.....2-3

ca 70 m/50-80°

2. Skautrollet ..... 3

ca 80 m /60°-85° (ukjente)

Fin klatring opp fleire småbratte hamrar. Utfordrande istappar / gardin i venstre del midtvegs.

3. Vesletrollet ..... 3

ca 70 m/50-85°. Kort bratt opptak i starten, lengre, 6-7 m langt opptak midtvegs. Meir ujamn enn Skautrollet. Torgeir Kjus & Sveinung Bertnes Råheim 26.2.2009.

4. Blindtarmen..... 2

30 m/65°

5. Knubben..... 1

30 m/60°



## Mjellestranda

Fantastisk beliggenheit. Isen vender mot Landegode og Lofoten og startar berre 10-20 moh. Dette fører til at fossane kan vere svært sårbare i mildversperioder. Området er ideelt for telting og er eit svært populært utfartsområde for Bodø-folk. Mjellestranda er og det beste buldrefeltet i Bodø.

**Tilkomst:** Kjør forbi Skau (ei lita bygd) ca 18 km frå Bodø. Etter ca 2 km tek du av mot Mjelle/Mulstranda. Kjør til vegen stoppar. Nå er du på stranda og må gå langs langs dei steile, svarte bergveggane. Gå til strandområdet åpnar seg - og ca 200-300 m til. Fossane dukkar opp inne i ein krok av stranda. Det tek ca 30 min å gå hit.

Retur for foss 1 til 4 er ned lia til venstre eller rappell ned fossane.

1. Ty..... 2

30 m/60° Liv Grimsmo, Eskil Sørvik, Knut Aspheim og Helena Winter 1996. Kort og grei foss.

2. Tor ..... 3

100 m/70-80° (Jan Christian Andersen & Knut Sørgaard 80-tallet) Fossen heng delvis saman med Odin.

3. Odin ..... 3


100 m/70-80° (Jan Christian Andersen & Knut Sørgaard 80-tallet) Fossen heng delvis saman med Tor.

4. Haisommer ..... 4

75 m/80-90° (Ukjente 80-tallet) Relativt bratt foss som ligg litt til høgre for Odin og Tor. Namnet er sett av Sveinung Råheim og Eskil Sørvik etter ein istappkjøft dei møtte då dei klatra han.



Ved mørkeklarting: Varsle politivakta på førehand: 75546075



Bilde til venstre viser fossen sett frå den ytste stranda på Mjelle (Nordlisanda). Bildet til høgre viser fossen sett frå innsetegget. Vårlege isforhold tidleg i februar!

### Mjellestranda - nord


I den ca 200-300 m høge vegg som ligg ovafor steinstranda nord for Mjellestranda dannast det vanlegvis ei flott islinje. Denne fossen har fleire bratte parti, der spesielt toppen er krevjande.

**Atkomst:** Køyr til Mjellestranda. Gå nord-over til hovedstranda. Fossen ligg no på skrå opp høgre i det bratte berget. Enklaste anmarsj vidare er sannsynlegvis å skrå opp lia frå enden av sandstranda.

5. Mjellefossen ..... 5

ca 250m/60-90 grader. Kjell Eugen Andersen, Remi Bendiksen og Sveinung Råheim februar 2002.

1. 3. og 4. taulengde har bratte parti. Er ofte tynn i første taulengde. Retur ned fossen eller ned renner mot nord. Den nærmaste renna krev rappellering. Renna lengst mot nord kan gåast ned, men du må gå litt meir opp for å kome deg inn i ho.



### Mjelletindane

Det er mykje klatring i Mjelletindane. Her tek vi for oss det som er av kjente vinter-ruter. I tillegg til rutene som er skildra her er det fine turar opp alle dei markerte rennene. Kjerringræva og Solveigs Skar er nok dei vanlegaste rennene å gå. Desse rennene er ikkje nærmare skildra her.

### Mulstrandtind

#### 1. Jord, juks og jentetanker..

..... miks 4-5

ca 3 tl. Ruta er gått først sommaren av Morten Avdem & Torgeir Kjus. Som karakteristikken seier er dette ingen klassiker. Men som vinter-rute er ruta fin. Byr på klassisk skotsk miksklatring. Økser, stegjern, stein, mose og is i skjønn forening. Spesielt siste taulengde er bratt! Ruta krev fullt fjellsikringsrack. Retur enklast ned Kjerringræva, renna mellom Mulstrandtind og Mjelletind. Fyrste gong om vinteren: Trond Helander, Sveinung Råheim & Remi Bendiksen januar 2002.

### Breitind

To enkle snø/miksruiter er med her. Retur for begge er ned Solveigs skar.

2. Kong vinter ..... 1

200-250 m, mest snø på 30-35°. Ei snørenne midtvegs og eit enkelt miksutsteg, ca grad 2. Ruta startar til venstre for utløpet av renna frå Solveigs skar. Eit par snøanker og 3-4 kiler anbefalast. FG Ole Roger Jespersen & Jonny Jakobsen mars 1988

3. Klatresamling..... 1

200 m, mest snø. Klippe i utsteget. Startar opp markert snøfelt ca 50 m opp i renna ned frå Solveigs skar. Utsteget er felles med *Kong vinter* og er rett til venstre for bratt hammar ca 30 m til venstre for sjølve toppen. Ta med to snøanker og 2-3 kiler til utsteget. FG: Bjørn Petter Arntzen & Torgeir Kjus mars 1988.

### 4. Fuzzy i Valviktind

Sjå neste side.



## Valviktinden

Fuzzy .....Is 4 / miks 5-

Ingjerd Karlsen & Torgeir Kjus 23/3-96.

Ruta følger den lange og til tider seriøse renna som kløyver Valviktinden i to (rett til venstre for "Himmelspretten". Rekn 5 - 15 timar alt etter forholda. Ruta krev såvel is- som fjellsikringsmidler. Flott renne med stadig nye bratte optak / crux. Dei einskilde cruxa er skildra nedanfor.

1. Kort foss, ca 10 meter 80° - 90° som innimellom frys til. Vanleg å omgå denne ved å gå ut snørampe til venstre rett under fossen.
2. To korte, men bratte optak med 80° - 85° is og snø. Fyrste ca 7 meter, det andre ca 10 meter langt.
3. Kamin med ca 10 m bratt is. Er klatra. Vanlegare å følgje markert dieder til venstre for kaminen. Diederet er ca 30 m, grad 4+ (friklatring) - 50 m fjell/miksclatring totalt.
4. 3 tl fosseklattring. Fyrste taulengde brattast, ca 80° - 85° over 10 meter. Gradvis slakare

etterkvart.

5. Snørenne 40° - 50° til topps. Mogeleg å traversere ut til høgre her på flankene over Himmelspretten eller følgje renna heilt opp. Toppar ut like ved varden!

Retur ned Solveigs skar (Kjerringræva).

2. Himmelspretten ..... miks 5-6

8-9 taulengder. Muleg å omgå dei fyrste to bratte taulengdene via hyllesystem. I utgangspunktet ei sommarrute, men ho er klatra om vinteren med ein kombinasjon av miks- og teknisk klatring. Første vinterbestigning: Kjell Eugen Andersen, Ole Roger Jespersen & Sture Enevoldsen februar 1991.

2. Vintermøte..... miks 4

Ca 400 m, 50 m klippe, reisten snø og is. Starter til høgre for Fuzzy i bratt kløft. Klatre is/miks opp høgre side av denne, kanskje miks grad 4. Etter 2 taulengder kjem ein opp i snø- og isrenner som tek ein til topps. Sveinung



Råheim, Remi Bendiksen og Trond Helander mars 2001.

## Diederveggen / Litjtind/Kaffetind

Dei neste rutene går i det vi kaller Diederveggen og Litjtind/Kaffetoppen. Renna mellom Diederveggen og Valviktind er i dag meir skirenne enn klatrerrenne. Vinterrutene her følgjer dei klassiske renneformasjonane, veggane i Diederveggen og Litjtindveggen har ingen vinterruter (så langt).

1. Litjtindrenna..... 1

Dette er ei enkel renne som kjem opp i det tydelige skaret mellom Diederveggen og Litjtind. Vanskelegast i starten. Stegjern, isøks og lett sikringsutstyr naudsynt. FG: Ukjente.

2. Kafferenna ..... miks 2/is 3

Ca 400 m, mest lett, to taulengder is og klippe. Renna som går opp mellom Litjtindveggen og veggane bak. Ca 2 taulengder is og klippe i toppen. Sveinung Råheim & Kjell Eugen Andersen 2004.



Remi Bendiksen på Jord, juks og jentetanker i Mulstrandtind. Kald og nesten snøfritt i januar 2002. Foto:Sveinung Råheim



## Svartvatn

Nabovatnet til Nordlivatn. Her er det 2 fossar. Ein lang og slakk, og ein kort og bratt.

**Tilkomst:** Ca 20 km nord for Bodø langs rv 834. Etter den lange rettstrekninga gjennom Valvikdalen skal du opp Ragnhildstigen. Snart får du nokre vatn på høgre side og du vil få auge på fossane. Parker på ein av avkøyringane ovafor brua mellom Nordlivatn og Svartvatn. Du ser då rett bort på fossane ved Svartvatn. Anmarsjen

vil ta ca 20 min.

1. **Garm**..... 2

85 m/60 - 80°. (ukjente)

Ein forholdsvis slak foss i starten som bratnar til i toppen.

2. **Gulltopp** .....5-6?

40 m/90° (Truleg ikkje klatra)

Eit gulaktig istapplsør ca 25 m høgt med slakkare isparti i starten. Klatra på topptau, aldri leda



Torgeir Kjus har det fint på Sukkerfossen. Foto Knut Aspheim



## Nordlivatn - Stordalen

Fossane ligg i eit idyllisk område rett nord for Steigtindvatnet like ved den fråflytta garden Stordalen. All isen er vestvendt og vil derfor bli prega av sol alt i slutten av februar.

Sjølve Sukkerfossen er ein enkel Bodø-klasikar. Nokre av dei korte fossane på sidene er artige å ta med når ein først er der, eventuelt lett tilgjengelege for topptauing og moro! Det er uvisst om alle dei korte fossane er klatra.

Atkomst: Som for Svartvatn. Frå parkeringsplassen, gå over brua og følg isen eventuelt stien innover til Stordalen gard. Rekn ca 20-30 min frå bilen.

1. **Ukjent namn** ..... 2-3

Ca 30 m / 80°. Uvisst om han er klatra.

2. **Ukjent namn**..... 2

25 m / 80°. Ukjente

3. **Sukkerfossen** ..... 3

60 m/70°(80°) (ukjente)

Isen er knapt 60 meter høy. Stort sett 60-70° med eit brattare parti mot slutten. Fin dagstur

i utrolig flotte omgivelser. Retur via rappell til venstre for foss, eventuelt ned fossen.

4. **Sukkerbiten** ..... 2-3

ca 25 m/60-80° Liv Grimsmo & Eskil Sørvik 1996.

Kort foss med fleire bratte variantar. Lett å feste topptau på.

5. **prosjekt** .....?

Ingen detaljer, uvisst om han er klatra. ca 20-30 m lang.



Bratt, artig topptau klatring på "Sukkerbiten". Foto Kjell Eugen Andersen.